



--

Arkiv saknr:	2008/2886
Løpenr.:	2527/2013
Arkivkode:	143

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	27.02.2013	13/19

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

## PlanID 20020006 Kommunedelplan Vågsli - offentlig ettersyn

### Vedlegg:

- 1 Plandokument
- 2 Konsekvensutgreiing
- 3 Plankart
- 4 Innspelkart
- 5 Kart friluftsliv
- 6 Kart flom og ras
- 7 Gjeldande kommunedelplan
- 8 Reguleringsplan Bukkeneset og Tyrvelidkrysset
- 9 Notat føresegner frittliggande hytter mm
- 10 Føresegner

### Bakgrunn:

Gjeldande kommunedelplan for Vågsli vart vedteken i 2002 og la den gong grunnlaget for ei omfattande utbygging av hytter, leilegheiter, skianlegg/ løyper og andre tilhøyrande infrastrukturtiltak i Vågsli. Status i området i dag er om lag 1000 hytter og fleire leilegheitsbygg, i hovudsak knytt til området Tyrveli – Listøyl, men også ved Svarttjønnåsen og Botn har det skjedd ei omfattande utbygging.

Vedtak om oppstart av planarbeid kom 25.08.2008 saman med arealdelen av kommuneplanen. Planprogram vart vedtatt 22.04.2009. Planomtala gjer greie for innspel til planarbeidet, samt innhald med meir.

Ønskje om revisjon av delplanen har vore fremja dei siste åra, og er grunngjeve i behov for nye utbyggingsområde for hytter, samt utviding og fortetting av eksisterande felt. Vidare er det ønskje om å få fjerna kravet om næring/ utleigeeiningar som ligg inne for dei nye utbyggingsområda som vart lagt ut i 2003. Etablert infrastruktur siste åra gjev eit godt

grunnlag for vidare utvikling kring dei etablerte utbyggingsområda, samstundes som ein i desse områda fort kjem i konflikt med arealinteresser knytt til terreng, grønstruktur mellom hyttefelta o.l.

Ved å ta i bruke nye utbyggingsområde i andre delar av planområdet, møter ein på den andre sida utfordringar knytt til inngrepsfri natur, grunnlagsinvesteringar grunna manglande infrastruktur, konflikt med friluftsiinteressene, m.m. Utfordringa i planarbeidet har slik sett vore å finne ein balanse mellom dei ulike omsyna, og leggje til rette for ei realistisk og framtidretta utvikling som tek vare på Vågslis sine kvalitetar, samstundes som ein gjev rom for vidare satsing på turistnæringa og utbyggingsinteressene.

### **Vurdering:**

Kommunedelplanen har, etter regionale planprosessar dei siste åra, blitt liggjande som ein kile mellom villreinplanane for Setesdalsheiene og Hardangervidda. Høyringsframlegget tek omsyn til desse ny skrankane.

Samstundes vert Vågslis meir og meir sentral som hyttedestinasjon etter kvart som planlagde vegprosjekt i transportkorridor 5a vert gjennomført. Både i aust og vest kjem tiltak som gjer det lettare å nå den vestlege delen av kommunen. Isolert sett vil til dømes nye Haukelitunnelar innebere ei innkorting på 11,6 km, 2000 høgdemeter og redusere kolonnekøyringa til 1/3 av dagens nivå. Dei attståande dagstrekningane på 3,6 og 4,2 km vil også gjere kolonneavviklinga langt meir effektiv. Satsinga på hytteutvikling vil såleis framleis vere viktig for å halde på den positive utviklinga i næringslivet vest i kommunen.

Gjennom synfaring og dialog i planprosessen fram til høyringa, har rådmannen kome til ei tilråding om å opne for utbyggingsområde sør for Vågslivatnet. Dette plangrepet utløyser i sin tur behov for å vurdere nye langsiktige løysingar for vatn og avløp. Konklusjonar og vegval på dette området vil ikkje vere klar før på ettersommaren 2013. I mellomtida kan ein avklare andre tema i høyringsprosessen, ettersom desse synes langt kome.

Vest-Telemark kraftlag (VTK) arbeider med ny 22kV straumforsyning i området Vågslis Haukeliset, samt opprusting og modernisering av dagens nett. Den gamle hovudlina er frå 50-talet og ikkje dimensjonert for dagens behov. VTK kan ikkje love straumforsyning til nye hyttefelt før dette er på plass, og dette vil saman med vass- og avløpsproblematikken, leggje føringar for utbyggingstakten.

Elles rår ein til at reguleringsplanen for 99/6 Bukkeneset Tyrvelidkrysset vert oppheva. Løysinga den legg opp til er ikkje lenger aktuell.

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

- 1. I medhald av plan og bygningslova (pbl), §§ 11 - 14, vert kommunedelplan for Vågslid i Vinje kommune med plankart og føresegner datert februar 2013 lagt ut til offentleg ettersyn.**
- 2. Oppheving av reguleringsplanen 99/6 Bukkeneset Tyrvelidkrysset vedteken 04.09.2003 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl §§12- 10 og 12 - 14.**

Rådmannen, 18.02.13

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

## Handsaming i Plan- og miljøutvalet 27.02.2013:

Utvalet diskuterte om Nils Vågslid (H) var ugild i heile saka eller delar av saka. Utvalet kom samrøystes fram til at Nils Vågslid er ugild i diskusjonen og røysting vedkomande områdenr 16 og 25, jf FVL § 6 a og b. Men fann han gild i resten av handsaminga av saka. Anne Råmunddal kom inn som vara under diskusjonen og røysting vedkomande områdenr 16 og 25.

### Dokument delt ut i møte:

E-post frå Halvor Vinje, dagsett 26.02.13

### Røysting:

Røystinga går ut frå nummer på områder/innspele i konsekvensutgreiinga og innspelskartet.

1. Neri Helge Flothyl, 97/2 – samrøystes vedteke

2. Neri Helge Flothyl, 97/2

- Framlegg frå H v. Nils Vågslid: Området blir teke inn i planen. Framlegget til Vågslid blei vedteke med 4 mot 3 røyster.

3. Kirsten Kvaalen Herregården og Jens Kristian Herregården, 95/2 – samrøystes vedteke

4. Knut Svalastog, 93/41 – samrøystes vedteke

5. Knut Helge Gunvaldjord, 93/2 – samrøystes vedteke

6. Arne Gunvaldjord, 93/50

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

Området blir teke ut av planen. Framlegget til Høgetveit blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

7. Unni Snaunes, 96/5

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

Området blir teke ut av planen. Framlegget til Høgetveit blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

8. Tor Gunnar Groven, 94/1

Framlegg frå H v. Nils Vågslid:

Solheimskjerrli blir tatt inn i planen. Framlegget til Vågslid fall med 6 mot 1 røyst.

9. Raymond L. Bugge, 94/6 – samrøystes vedteke

10. – 13.:

10 - Aslak Botn, 100/1- Nord for vassdraget (F12) – samrøystes vedteke

10 - Aslak Botn, 100/1 - Sør for vassdraget (F11)

11- Jostein Vågslid, 99/8 (F11)

12 - Asbjørg Råen, 94/4 (F11)

13 - Olav Magne Underdal, 99/7 – nytt område (F11)

Framlegg frå V v. Oscar Garnes:

Arealet F11 (innspele 10. – 13.) blir delt i to, og austre del blir i planen og Vestre del blir tatt ut. Grensa skal gå i Åmlidalen.

Ein røysta fyrst om ein ynskte å ta heile eller delar av området ut av planen. 4 ynskte å ta heile eller delar av området ut av planen.

Deretter røysta ein over Garnes sitt framlegg. Garnes sitt framlegg blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

13. Olav Magne Underdal, 99/7 – eksisterande område på Arbuneset (F6) – samrøystes vedteke

14. Olav Magne Underdal 99/7 – samrøystes vedteke

15. Halvor Vinje og Ivar Kåsa, 99/4, 6 – samrøystes vedteke

16. Åsmund og Nils Vågslid, Odd og Åse Heggenes, Torolv og Ingeborg Vågslid – samrøystes vedteke

17. Ingeborg og Torolv Vågslid, 99/3 – samrøystes vedteke

18. Halvor Vinje, 99/4 – samrøystes vedteke

19. Ivar Kåsa, 99/6 – samrøystes vedteke

20. Ivar Kåsa, 99/6 – samrøystes vedteke

21. Halvor Vinje og Ivar Kåsa, 99/4, 6

Framlegg frå H v. Nils Vågslid:

Området blir tatt inn i planen med vilkår om at det blir sett av plass til skiløypa. Framlegget til Vågslid blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

22. Halvor Vinje, 99/4

Endringsframlegg frå rådmannen:

Område 22 med presisering frå seljar dagsett 26.02.13 blir sett av til byggjeområde kombinert fritidsbustader/fritids- og turistføremål. Omsynssone felles planlegging, detaljplan.

Endringsframlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

23. Går ut.

24. Åsfrid Naadland og Hallbjørg Strøm, 99/24 – samrøystes vedteke

25. Åsmund Vågslid, 99/1 – samrøystes vedteke

Røysting føresegnene og plandokumentet:

Framlegg frå H v. Nils Vågslid:

Føresegnene pkt 2.9. - endre 1. setning til: Vinje kommune krev at det blir inngått utbyggingsavtale med grunneigar.

Framlegget til Vågslid blei samrøystes vedteke

Framlegg frå H v. Nils Vågslid:

Føresegnene pkt 3.1.1. – ta ut avsnittet med utheva skrift.

Framlegget frå Vågslid fall med 4 mot 3 røyster.

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

Føresegnene pkt 6.1.5 – endre siste setning til: Reglar om storleik skal då følgje pkt 5.1.2, 3. avsnitt i føresegnene.

Framlegget til Høgetveit blei samrøystes vedteke.

Framlegg frå V v. Oscar Garnes:

Kulturminne skal bli synleggjort i pkt 7 i plandokumentet.

Framlegget til Garnes blei samrøystes vedteke.

Røysting rådmannens framlegg:

Samrøystes vedteke med utvalets endringsframlegg i punkt 1.

Vedtaket blei då:

- 1. I medhald av plan og bygningslova (pbl), §§ 11 - 14, vert kommunedelplan for Vågslid i Vinje kommune med plankart og føresegner datert februar 2013 lagt ut til offentleg ettersyn med dei endringane som plan- og miljøutvalet har vedteke.**
- 2. Oppheving av reguleringsplanen 99/6 Bukkeneset Tyrvelidkrysset vedteken 04.09.2003 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl §§12- 10 og 12 - 14.**